

Årsmelding 2021

Øygarden kyrkjelege fellesråd



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

INNHOLD

Helsing frå fellesrådsleiar	3
Ei omstettingsdyktig kyrkje	3
Arbeidet i kyrkjelydane	4
Seksjon for barn og unge	5
Tal frå trusopplæringa.....	7
Diakoniseksjonen.....	9
Kyrkjemusikkseksjonen.....	10
Seksjon for kyrkjer og gravplassar	12
Kyrkjebygg	13
Gravferdsforvalting	14
Miljø.....	15
Medarbeidarar.....	15
Kyrkjeverja sin administrasjon	16
HR	17
Kommunikasjon	19
Seksjon for administrasjon og økonomi	20
Fellesrådet sin økonomi	21
Styrande organ	22
Litt statistikk.....	23



Helsing frå fellesrådsleiar

Året 2021 var året der vi skulle kjenne alle dei positive effektane av samanslåinga av dei tre tidlegare fellesrådsområda.

Vi tok feil!

Likevel har vi mange positive trekk frå driftsåret 2021: Vi har tilsette og frivillige som 'står på' og gjer ein fantastisk innsats i vanskelege tider. Dei har klart å gjennomføre alle samlingar og tiltak som har vore mogleg å få til. Dei nye løysingane innanfor saksbehandling/arkiv og økonomi fungerer. Gjevartenesteløysingane fungerer – det har aldri vore enklare for sokna å få registrert nye gjevarar.

Pandemien har også i 2021 gitt oss store utfordringar. Samarbeid mellom kollegaer som sjeldan (eller ikkje) kan møtast fysisk, er vanskeleg, særleg i omstillingstider. Elektroniske møte kan aldri erstatte dei fysiske møta når ein skal bli godt kjende med einannan.

Matte det nye året gje oss høve til å realisere oppdraget vårt ved å arbeide saman, både ansikt til ansikt og skulder ved skulder!

*Dag-Olav Bjorøy,
fellesrådsleiar*

Ei omstillingsdyktig kyrkje

I det årsmeldinga for 2021 vert ferdigstilt ligg to års pandemtid bak oss. Vi er takknemlege og glade for at vi endeleg får arbeide mot visjonen vår, Nær Gud, nær menneske, med både opne kyrkjedører og opne armar.

Samtidig som vi kjenner på glede over å kunne gå med full fart framover, er det viktig å ta tid til å stoppe opp, og spørje kva lærdom vi kan ta med oss frå tida som ligg bak. Denne refleksjonen vil eg utfordre både fellesrådet, sokneråda og sokneteama til å ta. Har vi lært noko som gjer at vi i tida som kjem vil gjere noko på nye måtar? Vil vi byrje med noko vi aldri har gjort før? Eller er det kanskje noko vi skal slutte med?

Pandemien tvang oss til å gjere raske sceneskifte, og til å tenkje nytt. Vi har fått testa endrings-ferdigheitene våre, både som enkeltmenneske og som fellesskap, og har erfart at kyrkja når det er nødvendig har svært god evne til å omstille seg. Nye møteplassar, både digitale og fysiske har vorte oppretta. Vi har tenkt nytt både i gudsteneste-samanheng, i arbeidet med barn og unge, i diakonien, i det kyrkjemusikalske arbeidet og i det administrative arbeidet. Dette har sjølv sagt hatt ei kostnadsside, og både frivillige og tilsette

medarbeidarar fortener mykje ros og stor takk for den gode innsatsen dei har gjort.

Digitaliseringa og sosiale medier har tatt stor plass under pandemien. Kyrkja har også utnytta dei digitale plattformane for å nå menneske. Vi ser moglegheiter, men erkjenner også utfordringane digitaliseringa fører med seg.

Pandemien vart avløyst av ei ny krise då Russland gjekk til åtak på Ukraina i februar 2022. Det er mange som kjenner på at dette er ein konflikt på vår eigen dørterskel, og at verda er i endring. Mange er urolege og redde, og kjenner på frykt for framtida. Flyktningar som har opplevd krigens redsler kjem til oss. Korleis skal vi vere nær Gud og nær menneske i den nye verkelegheita vi opplever?

Denne utfordringa vil kyrkjelydane i Øygarden møte på ulike måtar. Det som er sikkert er at vi framleis treng ei omstillingsdyktig kyrkje. Vi treng opne fellesskap og varme hjarte som kan formidle håp, tru og kjærleik i møte med menneska, der dei er, og med dei erfaringane dei har med seg.

*Annlaug Børve,
kyrkjeverje*

ARBEIDET I KYRKJELYDANE





Rannveig Vestbøstad Vik
Seksjonsleiar for barn og unge

Seksjon for barn og unge

Vi er 20 tilsette medarbeidrarar som i takk, teneste og frimod arbeidar for å gje det aller beste vi har vidare til barn, ungdom og familiar i dei fem sokna vi gjer teneste i. Målet for arbeidet mellom barn og unge er at dei skal få erfare at dei er elsa av Gud, at dei vert grunnfesta i den kristne trua, at dei vert utfordra til å tru og å fylgje Jesus Kristus, og utsendt til eit liv i tru, håp og kjærleik, lokalt og globalt.

For 2021 er vi takksame for:

- Alle gode møter med små og store menneske.
- Inspirerande samarbeid med mange trufaste frivillige medarbeidrarar og med kvarandre.
- At arbeidet kjennest meiningsfullt og gjevande, trass i alle utfordringane som har vore
- Godt arbeid med revidering av trusopplæringsplanar i fleire av sokna

Generelt vil vi seie om arbeidet i seksjonen:
Rammene i 2021 har vore prega av begrensingar, men vi har i det store og heile fylgt planane våre, med justeringar i opplegga.

Vi har hatt trusopplæringsdagar, leirar, klubbar for tweens og ungdom, konfirmantopplegg og anna undervisning, kor, gudstenester, smågrupper og større samlingar. Nokre av møtepunkta med målgruppene våre har blitt avlyste, men dei fleste har blitt gjennomførte.

Samarbeidet med skular og barnehagar

Vi arbeider også for å vere ei synleg kyrkje, og tradisjons- og kulturberar i nærmiljøet, mellom anna ved å utvikle og styrke møtepunkta med skular og barnehagar. Ingen av skulane kom til kyrkja i desember, dette var grunngitt i manglande økonomi for dei skulane som var avhengige av transport til og frå kyrkja. Så vart det restriksjonar i desember, som også førte til at dei skulane med gangavstand til kyrkja ikkje kunne kome.

Det vart gjennomført julevandringar for alle barnehagane i Øygarden som ynskte og/eller ikkje var for hardt ramma av sjukdom. Utanom desember, vart skule-kyrkje-samarbeidet og samarbeidet med barnehagane i stor grad gjennomførte etter planane.

- Møtepunkt med skulane: 22 samlingar (Klassar på besøk i kyrkja, kyrkjeleg tilsett på skulen)
- Møtepunkt med barnehagane advent: 22 samlingar
- Møtepunkt med barnehagane påske: 12 samlingar
- Zippy (2. klassingar på vandring på kyrkjegardane): 18 samlingar
- Barnehagar på vitjing i kyrkjene: 4 samlingar





Ein refleksjon frå seksjonsleiar

Eg vil rose kvar einaste medarbeidar for dyktigheit, pågangsmot, sjølvstende, fleksibilitet og kreativitet i året som ligg bak. Oppgåvane har kvar for seg vore løyste på gode og forsvarlege vis, sjølv om vi i ettertid har sett at stressnivået har vore for høgt. Det har for mange av medarbeiderane kosta ekstra mykje å ha ansvar for planlegging og gjennomføring av ulike tiltak for barn og unge i 2020 og 2021. Vi reflekterer over dette både i einskildsamtalar og i fellesmøte, slik at vi kan ta med oss erfaringane vi har gjort, og lære av dei.

Med mange ungdomsarbeidrar i små stillingar (15 – 30%), som samstundes er studentar, har det vore utfordrande å finne dei gode kommunikasjonsarenaene og oppfølgingshøva gjennom pandemien. Med gode teamleiarar har dei likevel uttrykt at dei er ivaretekne og får informasjonen dei treng. Vi skulle gjerne hatt fleire møtepunkt med dei, for erfaringsdeling og fordi deira erfaringar og tankar er viktige for å utvikle og styrke kyrkja sitt arbeid mellom ungdommane. Ungdomsarbeidet og ungdomane har lidd under pandemien, og vi ber og jobbar for at fleire av ungdomar framover skal finne seg til rette i fellesskap vi tilbyr i alle fem sokna våre. For å formidle tru, håp og kjærleik, for å gi den einskilde ungdomen reiskap til livstolkning og livsmestring. I ramma av Evangeliet om Jesus Kristus, bibelforteljingane, høgtidene, fellesskapet og tradisjonane i kyrkja vår.



Tal frå trusopplæringa

Alder	Tiltak	Landro sokn			Fjell sokn			Foldnes sokn		
		Deltakarar prosent			Deltakarar prosent			Deltakarar prosent		
		2021	2020	2019	2021	2020	2019	2021	2020	2019
0	T1 Babysong	34	23	28	80	11	37	47	13	18
0	T1 Dåpskurs	65	54	71	61	83	156	118	80	70
2	T2 Påske	11	13	0	10	3	0	16	15	0
3	T3 Advent	19	12	21	17	6	20	18	12	20
4	T4 Kyrkjeboka	21	21	29	18	12	21	20	14	31
5	T5 Den gode gjetaren	0	8	2	4	7	8	6	13	10
6	T6 Skulestart	25	15	20	11	11	13	13	14	8
7	T7 Pilegrimsvandring	6	6	6	2	5	9	4	2	1
8	T8 Bøn	6	6	8	3	4	11	5	9	10
9	T9 Tårnagent	6	38	6	24	29	33	23	30	19
10	T10 Tweens	8	9	17	57	24	36	28	26	16
11	T11 På sporet	10	7	12	8	6	8	13	17	14
12	T12 Lys Vaken	15	0	5	15	0	15	4	0	9
13	T13 Forsoning	4	2	0	5	4	0	3	2	0
14	T14 Oppstart	58	65	77	70	82	89	78	94	80
14-18	T16 T17 T18 Adventsfest	1	0	0	1	4	5	1	10	6
15	T15 Konfirmant	75	71	77	86	93	94	98	80	98
16	T16 LED	3	(endra opplegg)		8	(endra opplegg)		14	(endra opplegg)	
Totalsum		22	22	27	27	25	37	28	27	27



Hjelme og Blomvåg sokn

Alder	Tiltak	Deltakarar prosent		
		2021	2020	2019
0	Babysong	0	45	34
0	Dåps- og trusopplærings- samtale og dåp	104	135	93
1-3	Småbarnssang	16	18	11
4	Familiegudsteneste / 4-årsbok	44	44	41
5	Påskevandring	38	0	47
6	Gud såg at det var godt!	24	28	28
6	Leirdag- Kven er Jesus?	57	69	43
7	Leirdag- Vener for livet	67	66	24
8	Leir: På sporet av Jesus	83	20	69
9	Leir: Advent	49	25	82
10	Familiegudsteneste / utdeling av bibel	35	27	25
11	Bibelleir	31	75	61
12	Leir: Påske	51	0	52
13	Leir: Alle mot ein	18	70	61
15	Konfirmant	96	98	79
16	K2	5	19	22
17-18	K2pp	13	24	12
Totalsum		46	51	43

Sund sokn

Alder	Tiltak	Deltakarar prosent		
		2021	2020	2019
0	Dåp	100	105	108
3	Krybbevandring	43	59	78
4	Gud såg at det var godt	16	33	38
5	Påskevandring	11	0	25
6	Ranselbøn	5	16	11
10	Det store gjestebodet	24	18	32
11	Lys Vaken	18	0	74
13	Kyrkjokino med bønevandring	0	21	14
15	Konfirmasjon	98	97	93
15-18	Bibel&Pizza	2	4	5
15-18	Ten-leir	0	0	1
Totalsum		35%	44%	-





Astrid Fylling
Seksjonsleiar for diakoni

Diakoniseksjonen

Seksjon for diakoni er ein liten seksjon, men den er i vekst. I 2021 var det 3 tilsette i seksjonen. I seksjonsleiar si sjukemelding, var kyrkjeverja leiar.

Felles diakoni i kommunen

Også i 2021 vart mange tiltak avlyst på grunn av pandemien, mellom anna diakonituren til Sjelesorginstituttet. Sorgmånaden oktober fekk litt større merksemd enn før. Utdeling av sorglys og sorgbrosjyre laurdag før allehelgensdag vart gjort både på Sartor og i Sund. Allehelgensdag vart markert i alle kyrkjene, med lesing av namna på, og lystenning for alle som var gravlagt siste år, og det var mogleg for pårørende å tenne lys for sine. I tillegg vart det i sorgmånaden arrangert felles sorgkveld, som vart lagt til Sund kyrkje. Det hadde temaet «Sorgens ulike ansikter» og foredragshaldar var John Kristian Gramstad Fossnes.

Eit viktig diakonal arbeid vert drive av Basecamp ungdomsdiakonitiltak, som er ei foreining eigmeld av Sartor storsenter, Øygarden kommune og Øygarden kyrkjelege fellesråd. Foreininga held til på Sartor storsenter, og tilbyr opent hus og aktivitetar for ungdom frå heile kommunen. Vi viser til årsmeldinga for Basecamp for utdjuping av verksemda.

Diakoni i kyrkjelydane

Hjelme og Blomvåg

I vår vart treffa avlyst, men i haust arrangerte vi treff med koronareglar. Det fungerte fint. Mange friviljuge er aktive i det diakonale arbeidet i kyrkjelyden, og diakoniarbeidaren samla dei i august for å planlegge arbeidet. På grunn av at det ikkje vart treff i vår, fekk mange besøk av diakoniarbeidar og andre veka før påske. Dei fekk blomar og gode helsingar.

Landro

Treffa vart gjennomført i den grad pandemireglane gav høve til det. I løpet av hausten vart eit nyt prosjekt gjort mogleg og vart planlagt. VEKST. Vi vonar prosjektet vil makte å skapa møteplassar i

og rundt kyrkja for fleire enn dei som brukar kyrkja no. Når vi i 2022 får tilsett diakon i 50 %, ser vi fram til at diakonien kan verte ein katalysator for vekst i kyrkjelyden.

Fjell

Fjell satsar på onsdagane som sin dag. Då er det open kyrkje med tidebøn kl. 07.00 og 12.00. Fleire har delteke på dette. Kvar onsdag kveld har det og vore ei samling, anten med foredrag, musikk, retreat eller anna. I tillegg starta vi opp i Fjell med diakoniinformasjon og tilbod om forbøn på nokre gudstenester. Desse samlingane vil vi utvikla vidare i tida som kjem.

Foldnes

På grunn av avlyste treff i vår, har diakoniarbeidaren auka talet på heimebesøk. Også i Foldnes vart det før påske delt ut blomar og påskehelsing på døra til mange. Kyrkjelyden har og hatt fokus på besøksteneste. Treffa samlar mange menneske og engasjerer mange friviljuge. Foldnes har eit aktivt diakoniutval som nett no arbeider med diakoniplan for kyrkjelyden.

Sund

Mange friviljuge er aktive i arbeidet, både på gudstenestene og anna kyrkjelydsarbeid som myldredag, betweenklubb, smågruppfellesskap, føremiddagstreff og lovsongskveldar. Dette viste seg på frivilligfesten 26. mai der mange var samla på kyrkjebakken og stemninga var god. Tema for foredraget var dei ulike gåvene kvar einskild har. Diakoniutvalet har laga ein diakoniplan med mål om å fokusera meir på praktisk diakoni. Den vert sendt til godkjenning i februar 2022. Den vil visa retning for arbeidet framover.



Øystein Steinsland
Seksjonsleiar for kyrkjemusikk

Kyrkjemusikkseksjonen

Kyrkjemusikalsk verksemد

Det kyrkjemusikalske arbeidet har vore knytt til gudstenester, gravferder, vigslar, institusjonsbesøk, konserter, samarbeid med grunnskule/barnehage. Medverknad frå ulike musikkaktørar som: solistar, songgrupper, korps, band, barnekor og instrumentalistar.

Det kyrkjemusikalske arbeidet er knytt til mange samarbeidspartnarar, både tilsette i kyrkja og frivillige.

Kantorane sitt arbeid er både av administrativ (møter, planlegging) og utøvande art (musisering, øving)

Viktige saker i 2021

- Korona
- Økonomi
- Mannskap – resursar – fordeling – arbeidsmengde
- Innføring av «ny» liturgisk musikk
- Kantorane sine tenester/aktivitetar

Koronapandemi


Koronapandemi med sine restriksjonar har påverka oss i stor grad. Mykje av det arbeidet ein la planar for i 2021, har vorte endra på eller avlyst. Konfirmasjonar vart utsett til hausten 2021, gudstenester og konserter har vorte avlyst eller nedskalert, avgrensingar i kor mange me har fått lov å samle i kyrkjene, møteverksemd på TEAMS, restriksjonar som har gjort at ein ikkje har kunne øve med kor/korps/band.

Koronatilpassingar: Digitale møter på TEAMS, Digitale innspelingar, streaming av gudstenester og gravferder.

Kantorane

I 2021 har me hatt noko fråver knytt til sjukdom, og dei fleste kantorane opplevde eit høgt arbeidspress, særleg då samfunnet opna opp att i september og det vart letta på koronarestriksjonane. Dette er den første arbeidsperioden etter kommunesamanslåinga der me har hatt ei tilnærma normaldrift. I desember vart det igjen restriksjonar, og dei fleste konserter og Vi Syng Jula Inn vart avlyst.





Felles treffpunkt

- Seksjonsmøte for kyrkjemusikk om lag ein gong i månaden. Det gjev rom for faglege diskusjonar og løysing av praktiske og teoretiske utfordringar.
- Kantorane er òg med på møte med dei ulike sokneteama ein gong kvar månad. Då er det den lokale staben som står i fokus, og ein jobbar med oppgåver på lokalt nivå: Aktivitetar som skal skje, evaluere det som har hendt, kyrkjelydsblad, praktiske utfordringar, fellesskap, oppdateringar frå sokneråd/leiargruppa/seksjonane, brannøvingar.
- Stabssamlingar ca. 6 gongar i året. Alle tilsette i kyrkja i Øygarden vert invitert: Det store arbeidsfellesskapet, samhandling av måten kyrkja i Øygarden jobbar og tenker.
- 29. oktober 2021: Velferdsarrangement, ut å ete – koncert med Sigvert Dagsland. Alle kantorane møtte
- 23.-24. september: Fagdagar i Bergen. Fagleg påfyll, flotte konserter og kollegafellesskap. Gjevande og inspirerande.

Visionar for framtida

Kyrkjemuskikkseksjonen ønskjer for framtida å glede folket med gode musikalske opplevingar, i godt samarbeid med dei tilsette og dei frivillige. Det er eit mål å nytte kantorresursane best mogleg med tanke på den nye storkommunen. Me prøver oss hausten 16.-23. september 2022 med ein liten kyrkjemusikkfestival. Kanskje kan dette verte spiren til ei årleg hending som kan gjere oss rike på gode opplevingar. Me skal halda på viktige tradisjonar samstundes som me skal fornye oss i takt med tida.

SEKSJON FOR KYRKJER OG GRAVPLASSAR





Norvald Snekkevik
Seksjonsleiar for kyrkjer og gravplassar

Kyrkjebygg

Øygarden kyrkjelege fellesråd har driftsansvar for totalt 8 kyrkjer: Kausland, Sund, Fjell, Foldnes Landro, Blomvåg, Hjelme og gamle Hjelme. Alle utanom Hjelme gamle kyrkje er i dagleg bruk.

Kyrkejubileum

Heile tre av kyrkjene kunne feire runde år i 2021. Blomvåg kyrkje var 90 år, Hjelme kyrkje 50 år og Foldnes kyrkje 20 år i 2021. Alle kyrkjene vart feira på ulike måtar i kvar sine sokn.

Tilstandsrapportar

I perioden mars/april utarbeidde fagarbeidar Arne Opheim ein tilstandsrapport for kyrkjene i Øygarden. Byggmester Arvid Nese var med og kvalitetssikra rapportane, som avdekkjer stort etterslep på vedlikehald og eit investeringsbehov på minst kr 10,4 millionar i perioden 2022-2025.

For Fjell kyrkje vart Akasia AS engasjert til å utarbeide ein tilstandsrapport. Rapporten avdekkja vesentlege manglar, særleg på tak, med laus skifertekking og synk mellom berande konstruksjonar, stabilitet på skipet sin laftekonstruksjon med utgliding på langveggane og svikt på skipet sin berande takkonstruksjon. Øygarden kommune vart orientert, og i samband med handsaming av budsjettet for 2022 vart kr 39 millionar inkludert mva løyvt til renovasjon av Fjell kyrkje. Øygarden kommune vil vere byggherre og ha leiinga av prosjektet, i nært samarbeid med kyrkjeleg fellesråd og Fjell sokneråd. Arbeidet skal etter planen vere ferdig til Fjell kyrkje sitt 150-årsjubileum i 2024, og vil i tida fram til dette krevje stort fokus. Øygarden kyrkjelege fellesråd er svært takksame for Øygarden kommune si løying til renovasjon av Fjell kyrkje.

Vedlikehald

På Kausland kyrkje vart det i 2021 gjennomført utvendig vedlikehald på tårn, spir og andre takflater. Vindauga vart kitta og malt, og kyrkja vart malt.



Øygarden kommune var byggherre og hadde prosjektleiinga for prosjektet.

I Sund kyrkje vart hovudinngangen beisa og malt, og hovudinngangsdøra vart reparert. I kjellaretasjen vart ei dør i tråd med pålegg frå branntilsyn 2020 bytta til branndør. Tak og spir vart kontrollert, og nokre skiferheller på taket skifta ut.

Delar av Fjell kyrkje vart malt i løpet av sommar/tidleg haust. Dessverre kom vi ikkje heilt i mål med dette prosjektet i løpet av sesongen. Nokre råteskader vart reparert, vasslekkasje tetta. Lause skiferheller på taket vart sikra.

I Foldnes kyrkje vart innvendige soyler sparkla og malt. Scenegolvet i kyrkjelydssalen vart pussa og lakka. Arbeidet med reparasjon av råteskader på dragarane på taket mot sør vart byrja, og held fram i 2022.

Landro kyrkje har fått open barnehage i kyrkjellaren tre dagar i veka, og som følgje av dette vart det gjort nokre tilretteleggingar i lokal, med barnesikringar, stolrampe og lagerrom.

Store delar av Blomvåg kyrkje vart malt før sommaren, med unntak av tre sider av tårnet, veggen mot nord og Borggarden. Dette malearbeidet ønskjer vi å få utført sommaren 2022. Råteskadar på vindskibord og hovudtrappa vart reparert.

Brannvern

Det vart halde brannøving i alle kyrkjene i 2021. El-kontrollar vart utført og følgt opp. Ved branntilsyn for 2021 vart det ikkje gjeve noko pålegg. Merknader til oppfølging er at det må utarbeidast branntekniske vurderingar av kyrkjene som er bygd før 1985. Slike vurderingar finst for Fjell og Sund kyrkjer.

Verksemda har eit system for avvikshandtering, men få avvik vert melde. Vi arbeider for at tilsette skal melde avvik når dette er påkravd.



Gravferdsforvalting

I Øygarden kommune er det totalt 16 kyrkjegardar og gravplassar fellesrådet har ansvar for.

Vedlikehald

Det er drive generelt vedlikehald på gravplassane i 2021. I tillegg kan nemnast asfaltering av gangvegane på Telavåg og Hjelme gravplassar.

Rundt gravplassane på Hjelme, gamle Hjelme og Sund vart det saga ned ein del skog.

Gamle gravminne frå sletta graver har vorte fjerna frå alle gravplassane og destruert.

Kapasitet

Kapasiteten på dei fleste gravplassane er pr i dag tilfredsstillande. Det er i dei siste 10 åra anlagt nye gravplassar eller utvidingar på Hjelme, Blomvåg, Landro, Kleivane, Foldnes og Kausland. Gravplassen i Telavåg har ledig kapasitet berre ut 2025. Dette er meldt Øygarden kommune. Dersom ein ønskjer ny gravplass eller utviding av gravplassen i Telavåg, må arbeidet startast opp snarast, og det det vil krevjast ei investering på rundt kr 30 million eks. mva.

Namna minnelund

Namna minnelund er blitt eit mykje brukta alternativ til ordinære urnelundar. For 2021 hadde vi eit ønskje

om å gjere om eit urnefelt på Kleivane gravplass til namna minnelund. Dessverre vart det ikkje løyvt midlar til dette.

Gravferder og bisetjingar i 2021

I 2021 var det 132 gravferder og 86 bisejtingar i Øygarden, fordelt som følgjer:

Gravferds-/bisetningsstad	2021	2020	2019
Hjelme og Blomvåg sokn	40	37	29
Landro sokn	26	21	27
Fjell sokn	53	46	57
Foldnes sokn	36	47	46
Sund sokn	44	42	48
Andre kyrkjer/kapell/utan seremoni/andre livstrussamfunn	21	23	18
Totalt	218	216	225

Andelen bisetjingar var i 2021 39 %. I 2020 var andelen bisetjingar 33 %.



På synfaring på kolerakyrkjegarden ved Møvik. Frå venstre: Hege Misje frå Øygarden kommune, Arne Opheim – fagarbeidar kyrkjebygg, Arvid Nese frå Fjell sokn, Norvald Snekkevik – seksjonsleiar kyrkjer og gravplassar, Dag-Olav Bjørøy – fellesrådsleiar og frå Landro sokn, Tostein Vassnes – kyrkjegardsarbeidar, Jan Tveit frå Sund sokn og Gisle Kårbo Rong frå Hjelme og Blomvåg sokn.

Miljø

Kyrkja jobbar for å betra miljøet. Målet for 2021 var at Øygarden kyrkjelege fellesråd skulle verte Miljøfyrtårnsertifisert. På grunn av høgt sjukefråver og høgt arbeidspress i seksjonen greidde vi dessverre ikkje å nå dette målet. Vi arbeider vidare med målsetjing om å verte sertifisert i 2022.

Energibruken er høg i kyrkjene. Kyrkjene er jamleg i bruk, og aktivitet i kyrkjene krev at kyrkjene har ein viss temperatur. Straumkrisa siste delen av 2021 vart ei stor økonomisk belasting for fellesrådet. Behovet for varmestyringsanlegg og andre enøk-tiltak i kyrkjebygga er stort, og prosjekt vi må utgreie i tida framover.

Medarbeidrar

Leiar i seksjon for kyrkjer og gravplassar er Norvald Snekkevik. I seksjonen er det totalt 10,2 årsverk fordelt på 12 tilsette. Av desse er 4,85 årsverk knytt til kyrkjetenaroppgåver og vedlikehald av kyrkjebygg.

5,35 årsverk er knytt til gravferdsforvaltinga. Dei einskilde i gravferdsteamet har hovudansvar for kvar sine gravplassar, men samarbeider også godt på tvers.

Også tilsette i administrasjonen utgjer ein viktig ressurs innan gravferdsforvaltinga. Om lag 1 årsverk av administrasjonen sitt arbeid er knytt til dette området.

KYRKJEVERJA SIN ADMINISTRASJON



Kyrkjekontoret
i Øygarden



Mathilde Karin Dale
Personalkonsulent

HR

Kyrkjeleg fellesråd sin HR-ressurs er plassert under kyrkjeverja. Våren 2021 vart det tilsett ein eigen personalkonsulent.

Medarbeidarar

Det var pr. 31.12.2021 51 tilsette medarbeidarar i Øygarden kyrkjelege fellesråd, 35 kvinner og 16 menn. 68,6 % av dei tilsette er kvinner, 31,4% er menn. Ein er merksame på den skeive kjønnsbalansen, men det er ikkje gjort konkrete tiltak for å få ei utjamning.

Til saman var det 41,37 årsverk i organisasjonen ved utgangen av 2021.

Helse, miljø, tryggleik

Målet for HMT-arbeidet er å "arbeide for å utvikle og sikre eit fysisk og psykososialt arbeidsmiljø som gir dei tilsette tryggleik og trivsel i kvardagen og at det vert gitt rom for utvikling, samarbeid og fellesskap."

Koronapandemien, med uføreseielege og stadig skiftande reglar, heimekontor osv. prega

arbeidsmiljøet også i store delar av 2021. Leiarane si opparbeidde erfaring gjorde at dei var merksame på arbeidsmiljøutfordringane pandemien førte til. Det vart gjeve god tilrettelegging og oppfølging av medarbeidarane.

Temperaturmåling i staben

I mai månad gjennomførte vi ei intern arbeidsmiljøundersøking i staben. Spørsmåla var retta mot korona, om korleis leiinga hadde handtert situasjonen og korleis dei tilsette hadde opplevd det siste året.

Dei fleste tilbakemeldingane indikerte at temperaturen i arbeidsmiljøet var tilfredsstillande. Dei største utfordringane som kom fram var mangel på fysiske møte, kommunikasjon med leiar, småprat og uformell kommunikasjon. Ein opplevde det som psykisk utmattande med mange nye endringar. Nokon opplevde at vi har vore for strenge med smittevern, andre at vi har vore for slakke med smittevern.



«Arbeidsmiljøundersøkinga 2021»

I slutten av september gjennomførte Den norske kyrkje «Medarbeidarundersøkinga 2021». Undersøkinga vart gjennomført for å kartlegge viktige forhold knytt til trivsel, engasjement og opplevde rammer for å gjere ein god jobb. Øygarden kyrkjelege fellesråd hadde ein svarprosent på 70 %.

Undersøkinga viste både positive og negative resultat for Øygarden kyrkjelege fellesråd.

På den positive sida, viste undersøkinga at dei tilsette var engasjert i jobben sin, dei var motiverte og opplevde at jobben dei gjorde var meiningsfull. Det var høg autonomi, og dei fleste meinte at dei hadde friheit og god anledning til å styre sin eigen kvardag. Vi skåra høgt på utviklingsorientert og relasjonsorientert leiing. Dei tilsette opplevde at dei hadde leiararar som støtta dei, var tilgjengelege og gav anerkjennung. Dei tilsette var generelt tilfreds med jobben sin. På den andre sida viste undersøkinga også noko negative resultat. Mange opplevde at roller var uklare. Balansen mellom jobb og fritid var det ein del som opplevde utfordrande, ein kjente tidspress på utføring av oppgåver og mange opplevde eit stressnivå som medførte ubehag. Nokon opplevde at arbeidssituasjonen deira førte til bekymring for eiga helse. Mange opplevde også eit stort krysspress der ulike personar hadde motstridande forventningar til dei i jobben.

Oppfølging

Arbeidet med oppfølging av medarbeidarundersøkinga som hittil er sett i gang i samarbeid med dei tillitsvalde og dei tilsette.

Planar for vidare oppfølging og tiltak vil skje i 2022. Vidare plan er:

- 1:1 samtalar mellom medarbeidar og leiar.
- Arbeid med rolleavklaring i leiargruppe og stab.
- Undervisning om stress frå bedriftshelsetenesta.
- Det vidare arbeidet vil skje i samarbeid med tillitsvalde, verneombod og leiarar i begge arbeidsgjavarliner.

Forum for arbeidsmiljø vil vere ein viktig arena for vidare samtalar og oppfølging.

Uføreseielegheit har prega året 2021. Dette har i veldig stor grad vore krevjande for både motivasjonen til dei tilsette og arbeidsmiljøet.

Forum for arbeidsmiljø

Forum for arbeidsmiljø er eit forum som er sett saman av verneomboda, seksjonsleiar for barn og unge, seksjonsleiar for kyrkjer og gravplassar, ein representant frå bedriftshelsetenesta, personalkonsulent og kyrkjeverja. Forumet drøfter arbeidsmiljø og tiltak på området, avviksmeldingar, vernerundar med vidare. Det vart i løpet av året gjennomført to møter. Det vart og gjennomført to møter mellom bedriftshelsetenesta, personalkonsulent og kyrkjeverja. Her vart det drøfta mellom anna sjukefråvær og «Arbeidsmiljøundersøkinga 2021».

Drøftingsmøte med tillitsvalde

I løpet av året vart det gjennomført to drøftingsmøte med dei tillitsvalde. Viktige saker var drøfting av bemanningsplanen, utlysingar og arbeidsmiljøundersøkinga.

Nærver/fråver

Sjukefråværsstatistikk for 2021 viser eit svært høgt sjukefråver i ØKF:

Øygarden KF	Næringa elles
Samla sjukefåver	12,0%
Langtidsfråver	11,3 %
Kortidsfråver	0,7%
Gradert sjukemelding	35,0%
	39,6%

Det er nær oppfølging av dei sjukemelde, og sjukefråveret er i liten grad arbeidsrelatert. I samarbeid med bedriftshelsetenesta og forum for arbeidsmiljø vert det arbeidd med tiltak som kan auke jobbnærveret.

Kompetansehevande tiltak

På grunn av koronasituasjonen, vart mange eksterne kurs, fagdagar og konferansar gjennomført på digitale plattformar, og mange tilsette har delteke på desse. Koronasituasjonen har gjort kurs meir tilgjengeleg for dei tilsette.

Fellesrådet har lagt til rette for leiarutvikling og assisterande kyrkjeverje er undervegs i eit studieløp i ei mastergrad i verdibasert leiing.



Yngvild Mørner Sørheim
Informasjonskonsulent

Kommunikasjon

Digital kommunikasjon har vore ein viktig kommunikasjonsplattform gjennom året. I periodar der det fysiske arbeidet måtte stengjast ned, var kyrkja tilstades på digitale plattformar. Møter via Teams og andre digitale plattformar har prega arbeidskvarden vår dette året og.

Døme på digital aktivitet	2021	2020
Gudstenester/andaktar,	10	22
Skulegudstenester, opptak– sendt til alle skulane	0	7
Andaktar	5	2
Korte andakter/ klipp m. helsingar 2-6 min	2	26
Misjonsforteljingar	0	10
Bibeltimar	3	0
Liveshow/basar	2	0

Innan fellesrådsområdet er det tre ulike kyrkjeblad som kjem ut 5 gonger i året. Olai Otterå er redaktør for Sund Sokneblad. Informasjonskonsulenten er redaktør for Kyrkjebladet for Fjell, Landro og Foldnes sokn og for ØyNytt. Kyrkjeverja er ansvarleg redaktør.

Kvar kyrkjelyd har Facebook-sider der vi annonserer gudstenester og andre aktivitetar. Det vert og publiseret lenker til fellesrådet og kvar av kyrkjelydane sine eigne nettsider.

Informasjonskonsulenten starta opp eit arbeid med kommunikasjonsplan for fellesrådet. Dette arbeidet vert fullført i 2022.

Fellesrådet auka stillinga til informasjonskonsulenten frå 80 % til 100 % våren 2021.





Borghild Hustad Berge
Seksjonsleiar for administrasjon og økonomi

Seksjon for administrasjon og økonomi

Ved samanslåinga av fellesråda vart tilsette i administrasjonen samlokalisert på kyrkjekontoret på Straume, men med mål om å halde kontora i Sund og på Rong opne ein dag i veka.

Arbeidsoppgåver i seksjonen

Denne seksjonen har ein støttefunksjon for dei øvrige seksjonane, til sokneråda og til prestetenesta. Oppgåvene omfattar m.a. økonomistyring og -rapportering, utfakturering, handtering av offer, administrering av gjevarteneste, sakshandsaming, resepsjonsteneste og arkiv. Og ikkje minst arbeid i samband med dei kyrklege handlingane dåp og dåpskurs/dåpssamtalar, konfirmasjon, vigsel, gravferd og gudstenester.

Hjelme og Blomvåg sokn og Sund sokn har om lag 25 % administrativ ressurs kvar, medan Fjell, Landro og Foldnes sokn har om lag 17 % kvar.

Hovdfokus i 2021

Etter samanslåinga av fellesråda, og eitt år med korona bak oss har vi framleis hatt fokus på å arbeide oss inn i felles arbeidsmetodar og rutinar for det administrative arbeidet. Også dette året har det vore mykje bruk heimekontor og møter på digitale flater. Dette begynner vi å bli både meir vande og komfortable med, og ser til dømes nytten av digitale kurs framfor å reise på kurs. Vi opplever oss meir samkøyrt enn året før, og har hatt ekstra god nytte av at vi har hatt gode høve til å tilegne oss ny lærdom frå kvarandre.

Dei daglege oppgåvene må løysast, anten det er påmelding til dåp, vigsel, konfirmasjon, økonomiarbeid eller sakshandsaming, og dette har vi prioritert høgt. Vi har hatt ei bortimot normal drift, sjølv om mykje framleis bar preg av coronasituasjonen og smittevernarbeid.

Vi har og eit sterkt fokus på å ha ei god gravferdsforvalting, og at folk skal kjenne seg møtt på ein god måte i gleder og i sorg. Vi ønskjer å møte

det enkelte menneske i dei situasjonane dei står i, og vere til god hjelp.

På økonomisida har vi eit tett og godt samarbeid med rekneskapsførar Hilde Nordvik Eriksen og lønsansvarleg Beate Kristin Lyngøy Rong i Øygarden kommune. Vi har fått på plass gode rutinar, system og arbeidsformer som vi vil dra nytte av i framtida.

IKT

Då vi etter samanslåinga frigjorde oss frå IT-tenestene som var levert frå kommunen, har vi i 2021 framleis arbeida med å kjøpe nytt pc-utstyr for å avløyse gammalt "kommunalt" utstyr. Vi har og gjort ein større investering innan skjermar til kontorlokala på Straume. Desse skal brukast til møte, opplæring og til kurs.

Medarbeidrarar

Seksjon for administrasjon og økonomi er leia av Borghild Hustad Berge. I 2021 har det vore 7 tilsette med til saman 6,5 årsverk i seksjonen.





FELLESRÅDET SIN ØKONOMI

Årsrekneskap for Øygarden kyrkjelege fellesråd 2021

Øygarden kyrkjelege fellesråd har i 2021 hatt samla driftsutgifter på kr 41 707 636,-

Øygarden kyrkjelege fellesråd har i 2021 hatt samla driftsinntekter på kr 42 872 902,-

Resultat for 2021 før finanstransaksjonar og fondsavsetjing overskot på kr 1 165 266

Overskot etter finansieringstransaksjonar, fondsavsetjingar- og bruk kr 360 209,-

Hovudinntektskjelder i 2021

- Kommunal rammeløyving kr 29 778 000,-
- Statlege tilskot kr 4 748 667,-
- Festeavgifter kr 1 380 250,-
- Ulike refusjonar frå statlege institusjonar kr 691 870,-
- Gåver og innsamla midlar kr 221 672,-

Hovudutgifter i 2021

- Løn og sosiale utgifter kr 27 207 660,-
- Kjøp av varer og tenester kr 11 940 065,-

Kommentarar

Økonomiåret 2021 var meir eit normalår enn 2020. Året har likevel vore noko prega av

coronasituasjonen, dette har vi særleg har merka på lågare inntekter m.a. frå deltakarbetaling og bilettinntekter. Vi ser og noko ekstra kostnader som følgje av strenge smitteverntiltak, smittevernustyr og ekstraordinært reinhald.

Sikre framtidig økonomi

Øygarden kyrkjelege fellesråd må framleis arbeide vidare med å sikre ein god kyrkjeleg økonomi. Dette inneber både eit tett samarbeid med Øygarden kommune om fornuftige kommunale løyvingar. Vi har hatt tilnærma normal drift i 2021, og det er no mogleg å begynne å dra slutningar om kva denne organisasjonen eigenleg vil koste å drifte. No vil det vere tid for vidare analyser, for å kunne kartlegge enno meir nøyde kva kostnader som er viktigast, kva kan vi endre ved å gjere noko annleis.

Vi vil ha fokus på å redusere kostnader der det er mogleg og tenleg, for å kunne frigjere ressursar til andre nødvendige formål.

Det vil framleis vere viktig å auke eigeninntektene. Særleg gjeld dette at vi må fokusere på å auke gjevarinntektene, for å kunne oppretthalde stillingar og opprette nye stillingar, som ikkje er dekka av kommunale rammeløyvingar. Fellesrådet ønskjer eit godt samarbeid med sokneråda om dette, og legg til rette med gode administrative og tekniske løysingar for å vidareutvikle gjevarteneste i kyrkja her i Øygarden.

STYRANDE ORGAN

Fellesrådet er det øvste ansvarlege og styrande organ for ØKF. Rådet er sett av eitt medlem frå og valt av kvart av sokneråda, ein representant frå kommunen og ein representant oppnemnd av biskopen. Framgangsmåten for val av medlemer til kyrkjeleg fellesråd gjer det vanskeleg å sikre kjønnssbalanse i rådet. For innverande periode er det 1 kvinne (14,2%) og 6 menn (85,5 %) i rådet:

Namn	Rolle	Personleg vararepresentant	Oppnemnt av
Dag-Olav Bjørøy	Leiar	Kjersti Langeland Angeltveit	Landro sokneråd
Gisle Kårbø Rong	Nestleiar	Erling Vik	Hjelme og Blomvåg sokneråd
Arvid Nese	Medlem	Egil Nødtvedt	Fjell sokneråd
Per Helge Refvik	Medlem	Harald Rød	Foldnes sokneråd
Jan Tveit	Medlem	Oddveig Margrethe Skoge	Sund sokneråd
Hege Misje	Medlem	Helge Nilsen	Øygarden kommune
Jan Tommy Fosse	Medlem	Bjarte Nese	Biskopen

Sekretær for utvalet er kyrkjeverja. Fellesrådet hadde 6 møte og handsama 59 saker i løpet av året.

Arbeidsutvalet er sett saman av leiar, nestleiar og eitt medlem av fellesrådet, og er eit er saksførebuande utval til fellesråde. Arbeidsutvalet har i tillegg fullmakt til å treffe avgjerd i saker som er delegert. Arbeidsutvalet hadde 8 møte i 2021 og handsama 29 saker. I rådet sit det berre menn.

Namn	Rolle
Dag-Olav Bjørøy	Leiar
Gisle Kårbø Rong	Nestleiar
Per-Helge Refvik	Medlem

Administrasjonsutvalet er eit partssamansett utval med overordna ansvar for personalpolitiske saker. Utvalet er høyringsinstans for fellesrådet i saker av personalpolitisk karakter, og har delegert avgjerdsmynne i saker i medhald av reglement. Administrasjonsutvalet har mellom anna tilsettingsmynne i alle stillingar utanom leiarstillingar. I rådet er det 4 menn (80%) og 1 kvinne (20%). I 2021 hadde administrasjonsutvalet 5 møte og handsama 21 saker.

Namn	Rolle	Personleg vararepresentant	Utpeika av
Gisle Kårbø Rong	Leiar	Jan Tveit	Fellesrådet
Dag-Olav Bjørøy	Nestleiar	Hege Misje	Fellesrådet
Per-Helge Refvik	Medlem	Arvid Nese	Fellesrådet
Dag-Reidmar Pettersen	Medlem	Aasmund Brekke	Tillitsvald/tilsette
Kari Bekkenes	Medlem	Anne Ludvigsen Kaldestad	Tillitsvald/tilsette

LITT STATISTIKK

	<u>2021</u>	<u>2020</u>	<u>2019</u>	
Medlemer og tilhøyrige i Dnk	28 677 73,5 %	29 433 76,1 %	29 526 77,3 %	↗ Tal frå 2019 er samla frå Fjell, Sund og Øygarden, tal frå 2020 og 2021 er frå Øygarden.
Innmelde i Dnk	22	17	14	
Utmelde i Dnk	114	90	108	
Døypte	294 64,9 %	250 55,8 %	277 76,3 %	
Konfirmerte	360 69,3 %	355 67,5 %	367 71,3 %	
Kyrkjelege vigsler	36	42	48	
Deltakarar - gudstenester	20 329 314	23 700 267	45 810 293	↗ Antal gudstenester søn- og heilag-dagar i grått
Gt for barnehagebarn	3	7	35	
Gt for skulebarn	2	2	29	
Andakter på institusjon eller aldersheim	63	47	76	
Leiarkurs for unge, antal deltararar	39	92	63	
Antal kor for vaksne/ familiekor	3	3	5	
Antal kor for barn og unge	8	9	9	
Deltakarar på konsertar og kulturarrangement	1837	1439	8880	

Nær Gud,
nær menneske

